

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/22 Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksopplysning/vurdering:

Det er i år innkomne 131 søknader på fellingsløyve frå innanbygdsbuande jegerar.

Statsallmenningen vert tildelt 16 løyve, ut frå vedtak i villreinnemnda om minsteareal og utrekninga som valdansvarleg (grunneigarlaget for villreinvald) har gjort på grunnlag av dette.

| | Bukk 2,5+ | Simle/ ungdyr | Kalv | |
|------------|-----------|---------------|----------|-----------|
| NF 401 | | | | |
| NF402 | | | | |
| NF451 | 8 | 4 | 4 | |
| Sum | 8 | 4 | 4 | 16 |

Av dette må det trekkjast ut eit kalvaløyve, som går til trekning mellom deltakarane i jaktkarusellen. I sak 19/22 vart det bestemt at me skulle halda igjen 1 bukkaløyve til dagskort.

Fjellstyret skal då fordela korta på 14 jegerar: 7 bukk 2,5+, 4 simle/ungdyrkort og 3 kalvekort.

Med ein kvote på 14 dyr til fordeling og 131 søkjarar vil me i år få ei varamannsliste på 117 namn.

Framlegg til framgangsmåte ved trekninga:

Denne byggjer på innarbeidd praksis, tilpassa særskilte tilhøve det einskilde år.

Fylgjande lister ligg ved:

- Alfabetisk søkjarliste 2022
- Varamannslista frå i fjor
- Liste over dei som fekk i fjor og nye søkjarar

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/22, side 2.

1. Me trekke ny varamannsliste fyrst, ta fram lista over dei som fekk i fjor og nye søkjarar minus fyrstegongs, det er 19 namn på den lista. Legg 19 nummererte lappar i hatten og trekk.
2. Ta så fram varamannslista frå i fjor og legg til dei 5 fyrstegongsjegrane som har søkt i år. Legg 7 fridyrløyve, 4 simle/ungdyrløyve og 3 kalvakort i hatten og trekk. Det er 14 jegerar som får løyve, resten på varamannslista har plassen sin til neste år.

Broksfjellkorta

I utlysinga vart det skriva at det måtte sendast eigen søknad på dei fellingsløyva som er tildelte av Hardangerviddakvoten til Broksfjellet statsallmenning.

50 innanbygds jegerar har søkt, me har ei varamannsliste frå i fjor med 20 namn.

Endeleg kvote og fordeling på Ha 28 Aurland er bestemt til minst 30 løyve + att det er med eit kalvaløyve på alle fellingsløyva.. Viss fjellstyret går inn for å bruka halve kvoten vil statsalmenningen då få 4 frie løyve til fordeling.

Framgangsmåte trekking:

1. Me trekke ny varamannsliste mellom dei som fekk i fjor og nye søkjarar fyrst. Klipp ut dei aktuelle og lat datamaskina trekke mellom dei 30 aktuelle og legg så dei inn etter varamannslista frå i fjor.
2. Dei 4 fyrste på varamannslista frå i fjor vil då få fellingsløyve.

Dagskort:

Det vart i sak 19/22 bestemt at me skulle halda på ordninga med dagskort, søknadsfrist vart sett til 1. juli. Me har eit fridyrløyve til ordninga. Fjellstyret gjev Fjelloppsynet fullmakt til å trekke den lista etter att søknadsfristen er gått ut. Kvar dagskortjeger kan ha løyvet maks. ein dagar, ein skal betala 500.- kr. pr dag og viss ein feller skal ein betala prisen på fellingsløyve. Løyvet skal vera heima ein dag før neste på lista får tilbodet. Viss nokon på lista ikkje kan, går ein berre vidare til neste namn. Når alle som har søkt har fått tilbod, er det fyrste mann til mølla prinsippet som gjeld.

Framlegg til vedtak:

Trekninga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyrekontoret, den 7/6-22

Håkon Øydvin